

Myklebust Kraft SUS  
v/Olav Amund Myklebust  
6210 VALLDAL

Vår dato: 14.12.2017  
Vår ref.: 201502481-38  
Arkiv: 312  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Tord Solvang  
22959248/toso@nve.no

## Myklebust Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Myklebust kraftverk i Norddal kommune i Møre og Romsdal - NVE sitt vedtak

NVE har vedteke å avslå søknaden om løyve til bygging av Myklebust kraftverk. Grunngevinga for vedtaket er at det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiar i det verna vassdraget Valldøla. Konesjon kan ikkje bli gitt dersom utbygging er i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova §§ 34 og 35, post 5 og 8.

### Bakgrunn

Vi syner til søknad datert 15.03.2017 om løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Myklebust kraftverk i Valldøla i Norddal kommune i Møre og Romsdal.

Valldøla vart varig verna gjennom verneplan I (1973). Vassdraget ligg i den vestre delen av Reinheimen med Romsdal i nord og Tafjord i sør. Valldøla har sitt utløp i Norddalsfjorden, som er den indre delen av Storfjorden. Vassdraget strekkjer seg frå bre til fjord, og har stort naturmangfald knytt til elvelaupsformer, aktive prosessar, geomorfologi, landformer og vannfauna. I tillegg er friluftsliv er viktig bruk.

Myklebust kraftverk er planlagt med ein installert effekt inntil 0,97 MW. I St.prp. nr. 75 (2003-2004), ”Supplering av verneplan for vassdrag”, ble det foreslått å opne for konsesjonsbehandling av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW i verna vassdrag. Dette blei vedteke av Stortinget den 18.02.2005, jf. vedtak nr. 240. Ein klar føresetnad for å gi løyve er likevel at verneverdiane ikkje blir svekka, jf. § 35 post 5 i vassressurslova.

### Planlagd utbygging

Grunneigarane vil nytte fallet i Myklebustelva mellom kote 225 og kote 80. Myklebustelva er del av det verna vassdraget Valldøla. Det er planlagt å byggje eit Coandainntak som er ca. 15 m langt og 2 m høgt. Tilløpsrøyrret har diameter 800 mm og vert nedgrave i heile si lengd på 2000 m. Det søkjast om bygging av opptil ca. 1 km ny veg. Prosjektet har to alternativ for kraftstasjonsplassering.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Middelvassføringa ved inntaket er 1,87 m<sup>3</sup>/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 0,92 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,97 MW, og vil etter plana gje ein årsproduksjon på om lag 6,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2100 m lang elvestrekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring lik 5-persentilnivå på 600 l/s sommartid (1.5-30.9) og 172 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverket med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

## Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden blitt sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar for uttale saman med tre andre kraftverk i Norddal kommune i *småkraftpakke Norddal*.

NVE har mottatt følgjande fråsegn til søknaden:

**Norddal kommune** er positive til tiltaket, og seier at tiltaket er planlagt i eit LNF-område. Kommunen meiner etableringa av kraftverket vil være positivt for kommunal næringsutvikling og eit godt bidrag når det gjeld satsing på fornybar energi.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal** rår ifrå bygging av Myklebust kraftverk. Fylkesmannen er usikker på om det akvatiske, biologiske grunnlaget som ligg føre i søknaden godt nok skildrar tilhøva i vassdraget og i kva grad det omsøkte inngrep vil redusere dette.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** er nøytrale i saken. Fylkeskommunen kjenner ikkje til automatisk freda kulturminner i konflikt med tiltaket, men vurderer det ut ifrå tilsendte kart å vere eit høgt potensial, og dei vil truleg setje krav om arkeologiske registreringar i ei eventuell detaljplanlegging. Fylkeskommunen viser òg til at det er spor etter fleire kvernhus langs elva, og at man bør prøve å ta vare på desse. I tillegg peiker fråsegna på omsynet til anadrom fisk.

**Statens Vegvesen** har ingen kommentarar utover generelle omsyn til trafikksikkerheit, men minner om byggegrense etter vegloven.

**Mattilsynet** peiker på omsynet til villfisk (aure/laks) i si fråsegn. Myklebustelva er ei sideelv til Valldøla, som er ei vesentleg lakseelv, og utbygginga må ikkje forverre levevilkåra for fisken.

**Naturvernforbundet i Møre og Romsdal** ønsker at kraftstasjonen vert plassert på oppsida av fylkesveg 63. Dette av omsyn til landskap (meir inngrepsnær plassering) og forhold for anadrom fisk.

**Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF)** og **Kystverket** har ingen konkrete merknadar til prosjektet.

**Mørenett AS** vurderer at det er kapasitet i eksisterande nett, og har ingen innvendingar til tiltaket.

**Privatpersonar**: Det har kome inn ni fråsegn frå privatpersonar. Desse viser i hovudsak til at det er store padleinteresser i elva, og at desse vert negativt påverka av ei utbygging.

For fullstendige fråsegn viser vi til offentleg postjournal og/eller NVE sine heimesider til saka. Her finst òg tiltakshavar sin kommentar til dei innkomne fråsegna i saka (NVE-ref. 201502481-37). NVE vil framheve at søker i sitt svar på fråsegna ønsker hovudalternativ for kraftstasjon på kote 85, med ei auke i slukeevna til 1 m<sup>3</sup>/s, alternativt på kote 80, ca. 20 m nord for samløpet med Valldøla, men då med same slukeevne som i søknaden på 0,92 m<sup>3</sup>/s. Sjå vedlagte kart for stasjonsplassering.

## Kriterier for konsesjon i verna vassdrag

Kraftutbygging i verna vassdrag skal ein unngå der utbygging vil svekke verneverdiane i vassdraget, jf. vassressurslova § 35, post 5. Det må gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der det blir lagt vesentleg vekt på verneverdiane, jf. same paragraf, post 8. NVE legg særleg vekt på endringar i vassføringsregimet og naturinngrep i vurderinga av kva verknader ei utbygging vil ha på verneverdiane.

Dersom verneverdiane kan ivaretakast gjennom omsøkte planer for eit kraftverk i verna vassdrag, skal det deretter gjerast ei vurdering og vektning av fordelar mot ulemper for ålmenne og private interesser, jf. vassressurslova §§ 8 og 25.

## Noregs vassdrags- og energidirektorat sine vurderingar

NVE si vurdering byggjer på fråsegnene og informasjon gitt i konsesjonssøknaden, biomangfaldrapport, verneplan I for vassdrag, eiga sluttsynfaring og andre tilgjengelige kjelder. NVE meiner det ligg føre tilstrekkeleg informasjon til å fatte vedtak i saka.

Valldøla blei verna i Verneplan I (1973). Vernet gjeld heile vassdraget, dvs. hovudelva med sideelver. Formålet med Verneplan for vassdrag var å gjenspegle eit tverrsnitt av norsk vassdragsnatur ved å spare ein del vassdrag for kraftutbygging der det var meint at desse vassdraga hadde store kvalitetar som skal takast vare på innanfor eit eller fleire tema.

I tillegg til inngrepsfridom, er landskap og friluftsliv saman med geologisk- og biologisk mangfald utpeika som sentralt for vernegrunnlaget. Stort naturmangfald knytt til elvelaupsformer, aktive prosessar, geomorfologi, samt store kulturminneverdier i eit kontrastrikt landskapsbilde gjer Valldøla etter NVE si mening til eit viktig utsnitt av norsk vassdragsnatur.

Det er eitt kraftverk i Valldøla i dag; Hoelsfossen kraftverk (0,4 MW). Dette vart vurdert konsesjonsfritt i 2001, og vart idriftsett i 2007. Det er elles ikkje vasskraftverk i hovudvassdraget eller sidegreiner, men det er gjort flaumforbyggingar fleire stader. Dette gjeld òg Myklebustelva i nedre deler.

## Hydrologiske verknader av utbygginga

Middelvassføringa i Myklebustelva er berekna til 1873 l/s, og kraftverket er planlagt med ei slukeevne på 53 og 49 % av middelvassføringa høvesvis for alternativ 1 og 2. Dette inneber at Myklebustelva berre vil ha minstevassføringa tilbake (600 l/s sommer og 172 l/s vinter) i deler av året i normale og tørre år. 5-persentilane sumar/vinter er lagt til grunn for planlagt minstevassføring. Slukeevna blir av NVE vurdert som forholdsvis stor, gitt at Valldøla er eit verna vassdrag. Olje- og energidepartementet (OED) skriv følgjande i si klageavgjerd for Råfossen kraftverk, datert 05.01.2012: *"Det er et uttalt mål at vannføringene i et vernet vassdrag skal være variert og gjenspeile naturlige forhold også etter en utbygging."*

I dei løyva som er gitt til nye kraftverk i verna vassdrag dei seinaste åra, ligg slukeevna i all hovudsak mellom 20 og 50 % av middelvassføringa, og den planlagde slukeevna ligg dermed heilt i øvre sjikt. NVE vil her syne til Kilåi kraftverk og OED si vurdering i vedtak av 07.11.2014, der departementet reduserer slukeevna frå 60 til 50 prosent i endeleg konsesjon med grunngeving i hyppigare og lengre periodar med flaumoverlaup. I høve slukeevne vil særleg alt. 2 ligge innfor dei generelle føringane i verna vassdrag, men vassuttaket vil etter NVE si mening likevel bli merkbart.

## Landskap, kulturmiljø og friluftsliv/reiseliv

Norddal ligg i landskapsregion 23 *Indre bygder på Vestlandet* (Pushmann 2005), eit område prega av fjordar med høge tindar og korte vassdrag. Norddal og Valldal har eit rikt kulturlandskap der vassdraga etter NVE si meining spelar ei sentral rolle. I VVV-rapport 2001-46<sup>1</sup> er verdiane i Valldøla beskrive. Rapporten konsentrerer seg mest om hovudvassdraget, men understrekar at sidevassdraga har mykje å seie for totalintrykket i dalføret:

*«Valldalen er omgitt av høge fjellparti der toppane når opp i høgder på 1400 - 1700 m.o.h. og både hovuddalen og sidedalane har skore seg djupt ned i dette fjellmassivet. Høgdeforskjellen mellom dalbotnen og fjella rundt er stor. Dei bratte fjellsidene opp mot dei høge, mektige fjella gir landskapet eit storslagent og vilt preg. Dette må seiast å vere eit karaktertrekk ved landskapet i heile nedslagsfeltet inklusive sidedalane. Valldalen er ei heller trong dal, som berre opnar seg der sidedalane kjem inn til hovuddalen. Dette er med på å forsterke den heilt sentrale funksjonen vassdraget har i landskapsbiletet. Valldøla må karakteriserast som ei vakker elv. I storparten av løpet går elva i stryk, men ein finn også parti der ho går i buldrande fossar, eller motsatt, der ho flyt stille og roleg i ein flatare del av dalen.*

*«Dei mest markante og kjende fossane i Valldøla er ved Gudbrandsjuvet og ved Hol. Noko mindre kjent er den flotte fossen mellom Øvste- og Nedstestolen. Ferdast ein langs vegen, vil ein også legge merke til dei særleg vakre elvepartia i Meiardalen der elva går i kraftige stryk. I dalsidene kjem det ned ein del mindre sideelvar og bekkar som går i fossar og stryk ned dei bratte sidene, og når desse har god vassføring betyr dei mykje for landskapsbiletet " (Valde 1988<sup>2</sup>).»*

I søknaden skildrast influensområdet som prega av menneskelige inngrep med innmark, vegar, bustadfelt, idrettsanlegg, lysløype og plantefelt. Søker meiner kort fortalt at kraftverket vil ha små konsekvensar. NVE har forståing for denne framstillinga, særleg i vassdragets nedre deler, men meiner likevel at det må leggjast større vekt på dei negative konsekvensane av dei føreliggande utbyggingsplanane. Redusert vassføring i Myklebustelva vil svekke vassdraget sin plass i landskapet for både fastbuande i Valldal og turistar til Trollstigen og områda rundt. Dette vil også gjelde for røyrgatetraseen i ein del år framover dersom kraftverket vert realisert.


Det er også gode moglegheiter for friluftsliv knytta til elvestrengen i hovudvassdraget. Det drivast både privat og kommersiell elvepadling og juving i sjølve Valldøla. I den offentlige høyringa har det kome fleire innspel der det kjem fram at Myklebustelva òg er brukt til elvepadling. NVE meiner tiltaket vil ha negativ innverknad på padleinteressene i elva. Fråføring av vatn vil etter NVE si meining i tillegg bremse dei aktive geologiske prosessane i vassdraget, som òg er ein del av vernegrnlaget. For døme sjå figur 1.

NVE meiner at tiltaket vil vere uheldig for landskapsbiletet, som igjen vil ha negativ innverknad på både reise- og friluftsliv. Ettersom landskap og friluftsliv er sentrale deler av vernegrnlaget, har NVE har tillagt dette vekt i konsesjonssaka.

---

<sup>1</sup> Morten W. Melby og Geir Gaarder 2000. Verdier i Valldøla, Norddal og Rauma kommuner i Møre og Romsdal. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat VVV-rapport 2001-46.

<sup>2</sup> Valde, K. 1988. I08 Valldøla. Naturvern og friluftsliv. Fylkesmannens miljøvernnavdeling, Rapport nr. 7-1988.



*Figur 1: Bilda øvst syner døme på aktive geologiske prosessar i form av ei jettegryte i Myklebustelva. Nedste bilete syner elva noko lenger ned, og områda som er nytta til padling. Alle tre bileta er frå utbyggingsstrekninga. Foto: NVE.*

### **Naturtypar og biologisk mangfald**

I Myklebustelva er det avgrensa ei fossesprutsone med moserik utforming/fosseberg (C-verdi) ved ein foss ca. på kote 150, som òg utgjer vandringshinder for anadrom fisk. Av akvatiske verdiar er det både laks og sjøaure i Valldøla opp til Gudbrandsjuvet, og vassdraget er kjend for eit godt fiske. Fisk kan vandre ca. 1,42 km frå hovudelva opp i Myklebustelva, men dette er primært sjøaure. Kraftstasjonen er

planlagt mellom på kote 80-85, og vil følgeleg råke ein vesentleg del av anadrom strekkje i begge omsøkte alternativ.

NVE meiner at den samla verknaden på naturmiljø, herunder viktige naturtypar og akvatisk miljø, er av betydning for konsesjonsspørsmålet, særleg i lys av at vassdraget mellom anna er verna for å ivareta naturmangfold knytt til elvelaupsformer og vannfauna.



*Figur 2: Bilda syner deler av Myklebustelva oppstraums vandringshinder for anadrom fisk. Elva vekslar mellom stryk og små fossefall. Foto: NVE.*

### **Oppsummering**

I vurderinga av Myklebust kraftverk, er det etter NVE sitt syn liten tvil om at omsynet til vassdragsvernet talar imot ei utbygging. Det er omsynet til landskap, friluftsliv og reiseliv som er dei viktigaste argumenta i denne vurderinga, samt omsynet til aktive geologiske prosessar i vassdraget. NVE ser òg at tiltaket kan ha negativ innverknad på anadrom laksefisk utan at dette åleine er vurdert avgjerande for utfallet i saka.

NVE meiner at tiltaket vil ha negative konsekvensar som ikkje kan avbøtast med tiltak. Verdien av Myklebustelva som del av det verna vassdraget Valldøla vil bli vesentleg svekka dersom Myklebust kraftverk blir bygd. NVE meiner difor at omsøkte planer om Myklebust kraftverk vil være i direkte strid med hensikten bak vassdragsvernet og ønsket om å bevare dei naturlege forholda i elva, jf. grunngevinga for vernet av Norddalsvassdraget, referert ovanfor.

Etter NVE si vurdering vil ei utbygging som omsøkt vere i konflikt med vassressurslova § 35, post 5. Konsesjon kan då ikkje gjevast.

## Konklusjon

**NVE kan i medhald av vassressurslova § 35, post 8 avslå ein søknad om løyve til vasskraftutbygging i eit verna vassdrag dersom det er heilt klart at omsynet til vassdragsvernet taler imot, jf. § 35, post 5. Basert på føreliggjande søknad med miljørapport, samt innkomne fråsegner i samband med høyring/offentleg ettersyn, avslår NVE søknaden. Det planlagde kraftverket vil kome i konflikt med verneverdiane i vassdraget. Tiltaket vil føre til ei vesentleg endring av naturleg vassføring i Myklebustelva, og vil ha negative konsekvensar for det verna vassdraget Valldøla sine verdiar knytt til landskap, friluftsliv og aktive geologiske prosessar. Løyve kan ikkje bli gitt i strid med verneverdiane, jf. vassressurslova §§ 34 og 35, post 5 og 8. Pga. tiltaket si plassering og verneverdiane sin art, er det NVE si vurdering at verknadane ikkje kan avbøtast med tiltak.**

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan 19.01.2018, jamfør forvaltningslova kapittel VI. Grunna ferieavvikling i klageperioda vert fristen sett lengre enn tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkjjar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer råka interesser).

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Rune Flatby  
avdelingsdirektør

Øystein Grundt  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Detaljkart - Myklebust kraftverk  
                  Kraftstasjonsplasseringar - Myklebust kraftverk